Fyresdal kommune

Møteinnkalling

Utval:	**Kommunestyret**
Møtestad:	Roan Fyresdal Næringshage
Dato:	21.11.2019
Tid:	13:00 kommunestyremøte 12:00 gruppemøte 16:00 Middag på Teisner

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

Overføring på webTV frå 13:00

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald
PS 77/19	Referatsaker
PS 78/19	Omgjering av stilling i barnehagen 2019
PS 79/19	Leasing av kommunal tenestebil
PS 80/19	Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan 2019-2031
PS 81/19	Reglement for råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Fyresdal 14. november 2019

Erik Skjervagen
ordførar

Kjersti Bergland
utvalssekretær

PS 77/19 Referatsaker

RS 24/19 Faun orienterar om arbeidet med prosjekta Hamaren mot nye høgder og Grûnderhage.Håkon Holtskog orienterar frå omstillingsstyret

RS 25/19 Orienteringar

RS 26/19 Utkast til møteplan 2020

Fyresdal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2019/1372-1
Saksbeh.: Liv Johre Bakke
Dato: 25.10.2019

Saksframlegg

Omgjering av stilling i barnehagen 2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Administrasjonsutvalet	15/19	20.11.2019
Kommunestyret	78/19	21.11.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Bakgrunn for saka:
Barn under opplæringspliktig alder som har behov for spesial pedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp. Fyresdal kommune stettar ikkje dette kravet i barnehagen i dag.

Vurdering/Konklusjon:
Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 - 2022/måla i budsjettet for 2019 i avdeling barnehage» vi skal skape eit barnehagemiljø der barn opplever tryggleik, trivsel, tilhøyrighet, meistring og glede.» og kommunens felles mål: «behalde og rekruttere fagpersonell.»
Barn som heng etter i utvikling når det gjeld refleks, sansar, motorikk, høyrsel/språkforståing, språk og syn vil kunne kome til å slite når dei startar på skulen og skal lære å lese, rekne og skrive. Difor er det viktig at vi kjem i gang så tidleg som råd i barnehagen. Barnehagen gjer eit godt arbeid i dag, men ikkje godt nok. Vi manglar fagleg kompetanse på mykje av arbeidet. Ikkje minst koordineringa.
Tidleg innsats handlar ikkje om å tette alle hol, men det handlar om å ha oversikt og sete inn rett kvalifisert hjelp der den skal vere. For å gjere dette treng vi spesialpedagogisk kompetanse.
Ikkje minst er ein spesialpedagog viktig for arbeidet med livsmestring og folkehelse.
Å ha ein spesialpedagog i avdelinga vil auke kvaliteten og gje kontinuitet i oppfylgingsarbeidet på mange måtar.
PPT har lang ventetid, så barnehagen kan ikkje belage seg på rask hjelp herifrå.

Organisatorisk har vi nå høve til å gjere om ei pedagogisk leiar stilling, då ein tilsett har sagt opp stillinga si. Økonomisk vil det ikkje vere særleg løns forskjell på ein pedagogisk leiar med funksjonstillegg og ein spesialpedagog.
Ein håpar å lyse ut denne så raskt som råd.

Innstilling frå rådmannen:

Heimel 2401 pedagogisk leiar 100 % vert omgjort til spesialpedagog 100 %, frå 01.01.2020.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Liv Johre Bakke
	avdelingsleiar

Fyresdal kommune

Arkiv: 651
Saksmappe: 2019/999-1
Saksbeh.: Eva Greivstad
Dato: 12.08.2019

Saksframlegg

Leasing av kommunal tenestebil

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	18/19	18.09.2019
Administrasjonsutvalet	13/19	18.09.2019
Arbeidsmiljøutvalet	20/19	20.11.2019
Administrasjonsutvalet	16/19	20.11.2019
Kommunestyret	79/19	21.11.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyre

Dokument i saka:

Vedlegg:
1 Toyota_fellesutskrift_2739607
2 Fyresdalk-Tilbud-001

Bakgrunn for saka:
Kommunen ser på moglege løysingar på innsparingar i drift, i den samanheng vurderar vi leasing av ein kommunal tenestebil til administrasjonen.

Vurdering:
Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 - 2022/måla i budsjettet for 2020 i avdeling for økonomi og fellestenester der det heiter;
Oppretthalde den økonomiske handlefridomen.

Kommunen ynskjer å lease ein administrasjonsbil som skal brukast til køyring til møter, kurs o.l.

Leasing som finansieringsform er eit alternativ til å kjøpe bilen. Det er vanleg å inngå ei leasingavtale for 3 eller 4 år om gongen. Leasingselskapet eig bilen, medan kommunen har bruksretten, samt ansvar for ettersyn og vedlikehald. Leasingsutgiftene vil variere frå bil til bil.

Bilen skal vere i eit bookingsystem, slik at alle skal få høve til å booke bilen når ein er på reise utanfor Fyresdal kommune. Det må lagast retningsliner for prioritering av kven som skal bruke bilen, for bruk og vedlikehald.

Kommunen har store kostnader til km.godtgjersle. Omfanget av reiseregningar vil truleg auke, då samanslåing av Telemark og Vestfold er eit faktum. Møter, samlingar og kurs vil av den grunn ligge lengre vekk frå Fyresdal.

Utgiftene til km.godtgjersle for administrasjonen (Dvs kommunalt tilsette i næringshagen, og administrativt personell i andre avdelingar) har dei seiste åra lege på fyljande nivå:

2017 – 245.000,-
2018 – 180.000,-
Fyrste halvår 2019 – 115.000,-

Kommunen har bedt om tilbod frå 2 leverandørar, Seljord Bil og Funnemark Seljord, desse ligg ved. Kommunen ynskte ein hybridbil, som var driftssikker, trafikksikker og med god plass til 4 personar.

Seljord Bil kunne bare tilby ein Nissan Swift som hybrid, noko administrasjonen ser på som ein for liten bil som ikkje er aktuell. Vi har difor lagt til grunn tilbodet frå Funnmark i Seljord.
På bakgrunn av tilbodet har økonomisjefen kome til fyljande tal:

Månadlege utgifter inkl mva

- Leasing	5.050,-
- Årsavgift	250,-
- Forsikring	800,-
- Drivstoff/vedlikehald	3.000,-
- **SUM**	**9.100,-**

Forskotsleige leasing kr.	60.000,-
Utgifter 1. året	170.000,-
2. og 3. året	109.200,-
4. år -> etter leasing avt.	54.000,-

Ved å lease bil held ein seg med relativt ny bil som er driftssikker, sikker å sitje i for passasjerar og sjåfør, høg standard i høve til miljø og tilsette får redusert bruk av eigne bilar i tenesta.

Ein leasingbil vil ikkje fjerne all km.godtgjersla, men erfaringar frå andre kommunar i Vest-Telemark er at administasjonsbil reduserar desse utgiftene, og at dei tilsette er fornøygde med ordninga.

Til dømes så seier kommunalsjef økonomi i Nissedal kommune, som har to slike bilar, at dei har ei innsparing på om lag kr. 50.000,-. Ordninga i Nissedal fungerar greitt og bilane har ikkje høgare vedlikahaldskostnadar enn normalt, sjølv med mange ulike sjåførar.

Konklusjon:
Fyresdal kommune meiner at leasing av ein administrasjonsbil på sikt vil redusere reiseutgiftene til administrasjonen i kommunen. Kommunen ynskjer å inngå ei avtale med Funnmark i Seljord på ein Toyota RAV 4 Hybrid.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune inngår ei leasingavtale med Funnmark Seljord på ein RAV4 bensin Hybrid. Forskotsleige på kr. 60.000,- vert dekt av rådmannens million.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 18.09.2019

Konstituert rådmann stilte spørsmål om sin habilitet då hennes mann er tilsett som dagleg leiar i Funnemark Seljord, avd. Mercedes. Det aktuelle tilbode kjem frå Funnemark Seljord, avd. Toyota. Konst. rådmann deltok ikkje i den vidare handsaminga.

Fagforbundet v/Rita T. Metveit kjem då med framlegg om å utsetje saka til spørsmålet om habilitet er avklara.
Samrøystes for framlegget til Rita T. Metveit.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 18.09.2019

Saka om leasing av kommunal tenestebil blir utsett til spørsmålet om habilitet er avklara.

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 18.09.2019

Konst. rådmann orienterte om at arbeidsmiljøutvalet ikkje ville vurdere saka, men ba om ei habilitetsvurdering. Konstituert rådmann stilte i arbeidsmiljøutvalet spørsmål om sin habilitet då hennes mann er tilsett som dagleg leiar i Funnemark Seljord, avd. Mercedes. Det aktuelle tilbode kjem frå Funnemark Seljord, avd. Toyota.

Administrasjonsutvalet tok spørsmålet om habilitet opp, Fagforbundet v/ Rita T. Metveit kom med fyljande framlegg:

Saka om leasing av kommunal tenestebil blir utsett til spørsmålet om habilitet er avklara.

Framlegget blei vedteke med 3 mot 2 stemmer.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 18.09.2019

Saka om leasing av kommunal tenestebil blir utsett til spørsmålet om habilitet er avklara.

Administrasjonen har kontakta juridisk avdeling hjå Fylkesmannen for å avklare om konstituert rådmann var innhabil i denne saka. Dei var klare på at så lenge mannen til konstituert rådmann ikkje var medeigar i firmaet, og var dagleg leiar i ei anna avdeling i firmaet var ikkje konstituert rådmann innhabil.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Eva Greivstad
	personalkonsulent

Funnemark Seljord
Brøløsvegen 1
3840 Seljord
Telefon: 35065800
Telefax:

Fyresdal Kommune
v/ Kjersti Bergland
Fyresdal
3870 FYRESDAL

Seljord, 04.09.2019
Tilbudsnr. 2739607

Tilbud på Toyota RAV4

Vi viser til hyggelig samtale vedr. kjøp av ny bil og har gleden av å gi følgende tilbud på:

RAV4 5A 1 SUV 5d 2.5 Bensin Hybrid Automatgir AWD-i Active Personbil (38701)	kr	295 908
Standard (B3)	kr	0
Farge: Silver Metallic (1D6)-Stoffseter (FA)-Sort (20) (-1D6FA20)	kr	4 160
Ekstrautstyr ifølge vedlagt spesifikasjon	kr	35 947
Sum bil og utstyr ekskl. mva. og engangsavgift	kr	336 015
- Rabatt	kr	28 907
Sum bil og utstyr ekskl. mva. og engangsavgift etter rabatt	kr	307 108
Engangsavgift	kr	115 115
Sum bil og utstyr ekskl. mva. og inkl. engangsavgift	kr	422 223
Mva. (av kr 307 108)	kr	76 777
Sum å betale inkl. mva. og engangsavgift	kr	499 000
Skattemessig listepris (bil inkl. ekstrautstyr, mva. og engangsavgift ekskl. frakt, levering og rabatt)	kr	509 134

Funnemark Seljord
Brøløsvegen 1
3840 Seljord
Telefon: 35065800
Telefax:

Komplementære tjenester	Pris pr. mnd.

Ingen vedlikeholdsavtale er valgt.

Ingen forsikring er valgt.

Sum ekskl. mva.	kr	0

Vi gjør oppmerksom at tilbudet er basert på priser fra 04.09.2019, og at tilbudet er gyldig til 18.09.2019.

3 års fri service (hos Funnemark og inntil 50.000 km) er inkludert på alle personbiler. Gjelder arbeid og deler. 5 års fabrikkgaranti (eller 200.000 km) samt 12 måneders Eurocare mobilitetsprogram er inkludert på alle Toyota. Benytter du Toyota Originalservice får du automatisk 12 nye måneder med Eurocare i inntil 10 år.

NB! Fast rente i hele leieperioden på 36mnd!

Med vennlig hilsen
Funnemark Seljord

Terje Nordstoga
E-post: terje.nordstoga@funnemark.toyota.no
Mob.: 97 58 45 55
Tlf.: 35 06 58 00

Funnemark Seljord
Brøløsvegen 1
3840 Seljord
Telefon: 35065800
Telefax:

Vedlegg til tilbud på Toyota RAV4 av 04.09.2019

Spesifikasjon av ekstrautstyr

Gummimatter komplett sett HYBRID	kr	1 039
Skvettlapper f/b	kr	792
Bagasjeromsmatte	kr	731
Tilh.feste originalt, fast	kr	11 225
Vinterhjul 17" Alu m/dekktrykksensor	kr	16 160
Tillegg serviceavtale inntil 60.000km	kr	6 000
Sum ekstrautstyr ekskl. MVA	**kr**	**35 947**
Sum ekstrautstyr inkl. MVA	kr	44 934

Spesifikasjon av avgifter

Engangsavgift til staten	kr	115 115
Merverdiavgift av kr 307 108	kr	76 777
Sum avgifter	**kr**	**191 892**

Årsavgift blir innkrevet av ditt forsikringsselskap og inngår derfor ikke i tilbudet.

Standardutstyr for RAV4 Active

Diverse

Multimedia	8" multimedia display Bluetooth® Toyota Touch® 2 multimedia system Toyota Touch® 2 med navigasjon AUX-inngang	6 høyttalere MyT Connected Services DAB+ Radio Stemmegjenkjenning USB kontakt
Hjul	Dekkreparasjonssett	17" aluminiumsfelger sølv (5-eiker)

Eksteriør

Ytelser	Doble eksosrør	Kjøremodusvelger
Sikkerhet	Skiltgjenkjenning (RSA) LED kjørelys (dag) eCall Bi-LED reflektor hovedlys LED lys bak Fartsbegrenser (ASL) Tåkelys foran Adaptiv Radar Cruise Control, intelligent Filassistanse (LTA) Tretthetsvarsel	Tilhengerskrenskontroll (TSC) Ryggekamera Adaptiv Radar Cruise Control, alle hastigheter Avkjøringsvarsel med styressistanse Parkeringssensorer bak Auto fjernlys (AHB) Parkeringssensorer foran Bakkestarthjelp (HAC) Lyktespylere
Komfort	Betjening av bagasjeluke fra fjernkontroll Elektrisk bakluke Elektrisk justerbare speil Varme i dørspeil Fotsensor for bagasjeluke	Nøkkelfri smart inngang & start system Autolys Regnsensor Følg meg hjem lys Auto innfellbare dørspeil
Transport	Sorte takrails	
Styling	Øvre grill med maskemønster Lakkert spoiler bak Sølvdekor på bakluke LED signatur foran Grålakkert øvre grill Sorte hjulbuer Sølv under-run bak	Hai-finne antenne Mørktonede ruter bak Haifinneantenne i bilens farge Sølv under-run foran Sort støtfanger foran Sort støtfanger bak

Interiør

Sikkerhet	Justerbare sikkerhetsbelter foran 7 kollisjonsputer	ISOFIX fester bak Justerbare setebelter
Beskyttelse	Gulvmatter	

Komfort	Varme i ratt Betjening av Adaptiv Radar Cruise Control på ratt Toyota Easy Flat system 12V utgang (2) foran Innstegslys Auto opp/ned på alle elektriske ruter Lys i tak for fører og passasjer Justerbare bakseter 60:40 nedfellbare bakseter Auto fjernlys av/på bryter Vindusvisker bak Lys i bagasjerom Elektriske ruter bak Manuelt justerbart teleskopratt Armlene dører bak Høydejusterbart førersete, manuelt 12V uttak i bagasjerom	Betjening av telefon fra ratt Elektriske ruter foran Betjening av fartsbegrenser (ASL) på ratt Elektrisk oppvarmet spylerdyser Varsel for lavt spylervæskenivå 7" infoskjerm Dynamiske hjelpelinjer for ryggekamera Betjening av lydanlegg fra ratt Interiørlys in senter Manuelt høydejusterbart ratt Varmetråder i frontrute (hele) Varme i forsetene Gulvlys Startknapp Automatisk dimbart bakspeil Reversibel bagasjeromgulv (stoff&plast)
Transport	Oppbevaringsrom under gulv i bagasjerom Bagasjerom med 2 nivåer Solbrilleholder	Låsbart hanskerom Konsollboks bak
Styling	Kromdekor ventilasjonsdyse på sidene Grått taktrekk Myke materialer på dører bak Sølvdekor rundt multidisplay Skinndekorert girspak Søvdekor øvre dashbord Pianosort senterkonsoll Satin krom dørhåndtak Sort nede dashbord Sølvdekor på gripehåndtak	Kromdekor rundt girspak Armlene bak Kromdekor på ratt Sølvdekor rundt girkonsoll Armlene i senter Sorte ventilasjonsdyser på siden Skinnratt Kromdekor ventilasjonsdyse i senter Sølvdekor i senterkonsoll Sort ventilasjonsdyse senter
Utstyr	2-sone automatisk klimaanlegg	Ventilasjonsdyse for bakseter

Utstyr

Diverse	Dekkreperasjon-kit	Stoffseter

Fyresdal Kommune
Fyresdal,
3870 FYRESDAL

Vedlegg til tilbud på Toyota RAV4 5A 1 SUV 5d 2.5 Bensin Hybrid Automatgir AWD-i Active

Finansieringsforslag - leasing

Pris inkl. mva og reg.omk. Engangsavgift til staten utgjør kr 115 115	499 000 kr
Fakturapris eks. mva, inkl. eng.avgift og reg.omk.	422 223 kr
- Forskuddsleie eks. mva.	60 000 kr
= Beregningsgrunnlag	362 223 kr
- Restverdi	262 928 kr
= Avskrivning	99 295 kr
Leasingleie pr mnd. eks. mva. og termingebyr	**3 950 kr**

Kjørelengde pr. år: 20 000 km. Leieperiode: 36 mndr.

Rentesats: p.t. 2,95% p.a. Terminer: månedlig forskuddsvis. Termingebyr 95 (+ mva.)

Etableringsomkostninger kr 4 592 (+mva.) faktureres sammen med 1.terminleie.

Overkjørte km belastes med kr 1,25 (+mva.) pr km.

Med forbehold om endelig godkjennelse fra Toyota Financial Services, og om pris- og avgiftsendringer.

Akseptert:

Toyota Financial Services tilbyr også gunstig forsikring til din bil. Velger du Toyota Alt-i-ett får du forsikringen fordelt på 12 måneder på samme faktura som finansieringen. Samtidig kan du nyte godt av Toyotas gunstige drivstoffavtale. For mer informasjon, spør din Toyota-forhandler eller se på www.toyota.no/finans.

Fyresdal Kommune
Fyresdal,
3870 FYRESDAL

Vedlegg til tilbud på Toyota RAV4 5A 1 SUV 5d 2.5 Bensin Hybrid Automatgir AWD-i Active

Finansieringsforslag - leasing

Pris inkl. mva og reg.omk. Engangsavgift til staten utgjør kr 115 115	499 000 kr
Fakturapris eks. mva, inkl. eng.avgift og reg.omk.	422 223 kr
- Forskuddsleie eks. mva.	0 kr
= Beregningsgrunnlag	422 223 kr
- Restverdi	262 928 kr
= Avskrivning	159 295 kr
Leasingleie pr mnd. eks. mva. og termingebyr	**6 030 kr**

Kjørelengde pr. år: 20 000 km. Leieperiode: 36 mndr.

Rentesats: p.t. 4,15% p.a. Terminer: månedlig forskuddsvis. Termingebyr 95 (+ mva.)

Etableringsomkostninger kr 4 592 (+mva.) faktureres sammen med 1.terminleie.

Overkjørte km belastes med kr 1,25 (+mva.) pr km.

Med forbehold om endelig godkjennelse fra Toyota Financial Services, og om pris- og avgiftsendringer.

Akseptert:

Toyota Financial Services tilbyr også gunstig forsikring til din bil. Velger du Toyota Alt-i-ett får du forsikringen fordelt på 12 måneder på samme faktura som finansieringen. Samtidig kan du nyte godt av Toyotas gunstige drivstoffavtale. For mer informasjon, spør din Toyota-forhandler eller se på www.toyota.no/finans.

Fyresdal kommune
Klokkarhamaren 6

3870 Fyresdal

Seljord, fredag 23. august 2019

Tilbud nr. 25426

Tilbud på ny Suzuki Swift

Suzuki Swift GL HYBRID 4x4 90HK 5Dørs, med ESP, 6 airbags, varmeseter, allgrip, auto stop/start.	kr	201 358
Engangsavgift	kr	44 442
Metallic lakk	kr	3 500
Vinterhjul Komplett Nokian Pigg 16"	kr	24 900
Understellsbehandling	kr	2 700
SafeTech+ pakke i tillegg til GL: Dual sensor break support, vingle/søvn varsling, filvarsling, adaptiv cruise kontroll, LED kjørelys, LED nærlys, LED fjernlys, LED baklys, fjernlys med automatisk dimmer, "guide me home" lys, bakkestart assistent, mørke ruter fra B pilar, 16" aluminiumsfelger, automatisk klima, skinn mulitfunksjonsratt, mediepakke inkl. DAB+/Navigasjon med engelsk tale/bluetooth/Smartphone link, ryggekamera, farge LCD multi informasjon skjerm	kr	69 100
SafeTech rabatt	kr	-49 100
Norsk Tectyl, verdi kr. 4.500,- betal kr. 0,-	kr	0
Serviceavtale 4 år / 80.000km	kr	15 900
Sum bil inkl. utstyr	kr	312 800
Rabatt bil	kr	-29 800
Sum totalt, inkl. mva.	**kr**	**283 000**
Herav merverdiavgift	kr	47 712
Sum totalt, eks. mva.	kr	235 288

Forslag til leasing, 48 mnd. / 80000 km, 3,75%:

Månedsleie eks. mva.	kr	2 779
Restverdi	kr	129 195
Etablering/tinglysningsomk. eks. mva	kr	4 790
Terminomkostninger eks. mva.	kr	95

Tilbudet er gyldig til: fredag 30. august 2019

Håper tilbudet er av interesse.

Med vennlig hilsen

Seljord Bil AS
Martin Stenstad
martin@seljordbil.no
Tlf 92 22 79 32

Fyresdal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2019/1148-2
Saksbeh.: Tron Armand Støle
Dato: 16.09.2019

Saksframlegg

Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan 2019-2031

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	39/19	21.11.2019
Kommunestyret	80/19	21.11.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i og vedlegg i saka:
1 Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan - Grunnskulen i Fyresdal på veg mot 2031

Bakgrunn for saka:
Lovkrava som ligg til grunn for utarbeiding av denne planen er § 13-10 i Opplæringslova.
«*Kommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllast.*
Kommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte.
Kommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa knytt til læringsresultat og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar, dvs. kommunestyret.»

§ 2-1-Forskrift til opplæringslova
« Skolen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene».

Vurdering:
Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022.

«Fokus på helsefremmande, førebyggande arbeid og gode levekår for alle».
Formålet med **«Grunnskulen i Fyresdal på veg mot 2031. Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan»** er å sikre ei vidareføring av kvalitet på grunnskulen i Fyresdal kommune. Læring og det å meistre skal gje trivnad for elevar på grunnskulen i Fyresdal kommune.

Læringsarbeidet skal ivareta både elevanes utdanning og danning – bidrage til å utvikle «gagns menneske». Elevane skal gå ut av grunnskulen med gode ferdigheiter i lesing, skriving, rekning og IKT som godt grunnlag for auka kunnskapar og ferdigheitar i alle skulefaga. Samstundes skal skulen bidrage til å utvikle elevens evne til å sjå seg sjølv og andre som medansvarlege for eit godt fellesskap og ei positiv samfunnsutvikling. Elevane skal møte og lære å verdsette mangfaldet slik det uttrykkast blant anna gjennom kunst og kultur, ulike livssyn, ulik etnisk

bakgrunnar og ulike familiemønstre. Vidare er ei sentral del av skulens samfunnsmandat å stimulere til fysisk aktivitet, sunt kosthold og der igjennom fremje god helse.
Det føregjeng mye godt læringsarbeid i grunnskulen i Fyresdal , og skulen er komet langt i arbeidet med områda det har vore sett fokus på. Likevel kan ting allstøtt bli betre. Alle kan likevel gå nokon skritt vidare i eigenutvikling og utøving av lærarprofesjonen innan områda som vert dregne fram i denne planen. Å være på jakt etter stadige forbetringar inneber å anerkjenne det som er godt, men samtidig søke etter det som kan bli betre. Å være i stadig forbetring er eit mål å strekke seg etter.
Grunnskulen i Fyresdal skal ha tydelige og trygge leiarar med fokus på elevane si læring og skulens pedagogiske utviklingsarbeid. Lærarane skal være tydelege læringsleiarar for enkelteleven og elevgrupper. Uavhengig av elevane sine føresetnader og læringsmål for den enkelte elev, skal skulen uttrykke at læring krev arbeid, innsats og vilje.
Grunnskulen i Fyresdal skal pregas av eit konstruktivt og godt samarbeid mellom elevar, foreldre, lærar, andre tilsette, skulens leiing, andre kommunale tenester og eksterne samarbeidsparter.

Skuleeigar skal støtte og utfordre skulen i arbeid med å være ein pådrivar når det gjeld pedagogisk utviklingsarbeid.

«Grunnskulen i Fyresdal på veg mot 2031. Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan» synleggjer og skal ivaretake kommunens ambisjonar og målsetjing for elevane si læring og danning. Planen skal bidrage til at skulen sine tilsette trekkjer i same retning, og at skulen over tid vidareutviklar kompetansen sin, og betrar resultata sine innafor dei prioriterte områda for kvalitetsutvikling.

Konklusjon:
Fyresdal kommune godkjenner med dette at planforslaget «Grunnskulen i Fyresdal på veg mot 2031- Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan» vert sendt ut på høyring til elevrådet, FAU/SU, Utdanningsforbundet og administrasjonen ved Gimle skule.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune vedtek med dette å sende ut på høyring «Grunnskulen i Fyresdal på veg mot 2031- Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan».

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Tron Armand Støle
	pedagogisk konsulent

FYRESDAL KOMMUNE

Grunnskulen i Fyresdal på veg mot 2031

Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan



Vill, Raus og God

Vedteke i kommunestyret XX.XX.2019

Innleiing

Formålet med «***Grunnskulen i Fyresdal på veg mot 2031, Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan***» er å sikre ei vidareføring av kvalitet på grunnskulen i Fyresdal kommune. Læring og det å meistre skal gje trivnad for elevar ved grunnskulen i Fyresdal.

Læringsarbeidet skal ivareta både elevanes utdanning og danning – bidra til å utvikle «gagns menneske». Elevane skal gå ut av grunnskulen med gode ferdigheiter i lesing, skriving, rekning og IKT som godt grunnlag for auka kunnskap og ferdigheiter i alle skulefaga. Samstundes skal skulen bidra til å utvikle elevanes evne til å sjå seg sjølve og andre som medansvarlege for eit godt fellesskap og ei positiv samfunnsutvikling. Elevane skal møte og lære å verdsette mangfaldet slik det uttrykkjast blant anna gjennom kunst og kultur, ulike livssyn, ulike etnisk bakgrunnar og ulike familiemønster. Vidare er ein sentral del av skulens samfunnsmandat å stimulere til fysisk aktivitet, sunt kosthold og gjennom det fremje god helse.
Det er mykje godt læringsarbeid i grunnskulen i Fyresdal, og skulen har kome langt i arbeidet med områda det har vore sett fokus på. Likevel kan ting allstøtt bli betre. Alle kan likevel gå nokre skritt vidare i eigenutvikling og utøving av lærarprofesjonen innan områda som vert dregne fram i denne planen. Å vere på jakt etter stadige forbetringar inneber å anerkjenne det som er godt, men samtidig søke etter det som kan bli betre. Å vere i stadig forbetring er eit mål å strekke seg etter.

Grunnskulen i Fyresdal skal ha tydelege og trygge leiarar med fokus på elevane si læring og skulens pedagogiske utviklingsarbeid. Lærarane skal vere tydelege læringsleiarar for enkelteleven og elevgrupper. Uavhengig av elevane sine føresetnader og læringsmål for den enkelte elev, skal skulen uttrykkje at læring krev arbeid, innsats og vilje.
Grunnskulen i Fyresdal skal vere prega av eit konstruktivt og godt samarbeid mellom elevar, foreldre, lærarar, andre tilsette, skulens leiing, andre kommunale tenester og eksterne samarbeidspartar.

Skuleeigar skal støtte og utfordre skulen i arbeid med å vere ein pådrivar når det gjeld pedagogisk utviklingsarbeid.

«Grunnskulen i Fyresdal på veg mot 2031, Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan» synleggjer og skal ivareta kommunens ambisjonar og målsetjing for elevane si læring og danning. Planen skal bidra til at skulen sine tilsette trekkjer i same retning, og at skulen over tid vidareutviklar kompetansen sin, og betrar resultata sine innanfor dei prioriterte områda for kvalitetsutvikling.

Forankring, struktur og prosess

Grunnlagsdokumenta for opplæringa er læreplanen, opplæringsloven med forskrifter, nasjonale satsingsområde og kommunale føringar. Kommunal føring for kva som står i fokus for kvalitetsutvikling i perioden 2019-2022 er gitt i denne planen.

Fyresdal kommune sine verdiar *«vill, raus og god»* skal vere rettesnor for arbeidet med gjennomføring av planen.

Kommunestyret vedtek fylgjande mandat for skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan i Fyresdal kommune:

1. *Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplanen skal sette mål for komande 12-årsperiode, med ein handlingsdel som omfattar perioden 2019–2022.*
2. *Planen skal omhandle innhaldet på skulen i planperioden.*
3. *Planen skal vise ein utviklingsretning basert på nasjonale føringar, politiske mål for skulen og strategiske val for å nå desse måla. Det skal rettas fokus mot dei områda der Fyresdal kommune har dei største moglegheitene for forbetring fram mot 2022 og avklåre kommunens ambisjonsnivå på desse områda.*
4. *Arbeidet organiserast som eit prosjekt med hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg (OKO) som politisk styringsgruppe.*
5. *Rådmannen er ansvarlig for det faglige-praktiske arbeidet med administrativ arbeidsgruppe og ei referansegruppe til denne.*
6. *Det skal leggjast til rette for brukarmedverknad gjennom elevråd, kommunalt foreldreutval, dei tilsette sine organisasjonar, samarbeidsutvalet og ev. foreldremøte/opne møte.*
7. *OKO-utvalet fremjar innstilling til handsaming i kommunestyret innan desember 2019.»*

«***Grunnskulen i Fyresdal på veg mot 2031, Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan***» set langsiktige mål for komande 12-årsperiode (2019-2031) og fylgjast opp av ein handlingsdel for perioden 2019-2022 som konkretiserer prioriterte område for kvalitetsutvikling, kvalitetsarbeid og skuleeigars rolle den fyrste delen av planperioden.

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg (OKO) har som politisk styringsgruppe blitt orientert om planarbeidet og fått innsikt i tilstanden i grunnskulen gjennom arbeid med tilstandsrapporten 2018-2019.

Planutkastet er utarbeidd administrativt av pedagogisk konsulent.
Planutkastet skal ut i organisasjonen for drøfting og innspel som til dømes elevrådet, SU, FAU, personalet ved skulen, tillitsvalde og ev. andre. Her vil ein ha svar på spørsmåla «kva er god skule i Fyresdal».
Ope møte som del av arbeidet med planen kan også tenkjast. Summen av alle innspela vil vere med på å danne grunnlag for val av fokusområder i 12-årsperioden.

Mål for komande 12-årsperiode

(2019–2031)

Perspektivet på tolv år er langsiktig og overordna, og byggjer på måla i kommuneplanens samfunnsdel, kor det står*»; Vi skal vere samla i funksjonelle omgjevnadar, skape gode oppvekstvilkår og stimulere til god læring og eit høgt fagleg nivå».*

Heilskapleg tenking og utviklingsområde basert på forsking og kunnskap om læring og oppvekst skal vere styrande for satsing innan skulesektoren i 12-årsperioden.
Nasjonale måleverktøy og forskingsbasera studiar er kjelder som gjev kunnskap om resultat, og kva som fungerer i opplæringa.
På grunnlag av ny kunnskap vil kvalitetsutviklingsområde, målsetjingar, suksessfaktorar og resultatmål bli endra ved rullering av handlingsdelen.

I komande 12-årsperiode skal skulen i Fyresdal:

- Bidra til at elevane utviklar seg til robuste barn og unge med god fysisk og psykisk helse
- Gje elevane kunnskap og ferdigheiter som gjev grunnlag for å møte det framtidige samfunnet med eit arbeidsliv som krev kompetanse, fleksibilitet og samarbeid på tvers
- Leggje til rette for foreldras medverking i sine barns læring og utvikling
- Vere ein attraktiv arbeidsplass der lærarar og leiing har god kompetanse og er utviklingsorienterte
- Ha ein skuleeigar som aktivt bidreg til å utvikle skulen i takt med samfunnets behov og endringar av krav



Innhald i Handlingsdelen 2019–2022

Kvalitetsutviklingsområde og skulens planar..... 6

Kompetanse og resultat..... 8

Læringsplakaten 9

Læringsmiljø..... 10

Grunnleggjande ferdigheiter..... 12

Tilpassa opplæring og meistring..... 14

Vurdering for læring..... 16

Folkehelse..... 18

Kvalitetsarbeid..... 19

Skuleeigar..... 21



Kvalitetsutviklingsområde og skulens planar

Kvalitet i skulen er ikkje noko eintydig begrip, og alt etter kven som tek dette opp, vert det gjeve forskjellig meining. Det kan enkelte gonger sjå ut som om eleven forsvinn noko i alle desse gode hensiktene ein har med å utvikle kvaliteten i skulen. Men det er uomtvisteleg slik at sjølv om kvalitetsarbeidet går føre seg på mange nivå, står elevens læring alltid i sentrum.

Skulen har som mål å stå fram som profesjonell gjennom å byggje sine val på kunnskapsbasert praksis, og i tråd med lov og forskrift.

John Hattie (Canadisk skuleforskar), seiar at det som fungerer best i skulen er at elevane forstår kva dei skal lære, kvifor dei skal lære det, og kva som er deira neste steg.

Det som har størst effekt på elevens læring er:
- ✓ vurdering der læraren vektlegg det som gir læring
- ✓ lærarens tilbakemelding til elevane
- ✓ kor tydeleg og strukturert læraren er i undervisninga
- ✓ ein positiv og støttande relasjon mellom elev og lærar
- ✓ å ha klare standardar for god undervisning
- ✓ handtering av bråk og uro i undervisninga (klasseromleiing)
- ✓ elevanes evne til realistisk eigenvurdering
- ✓ å følgje eleven gjennom kvart enkelt læringsstadium

Det overordna målet for *Hattie* er å få lærarane til å sjå si eiga undervisning gjennom barnas augo, derav namnet «***Visible Learning (synleg læring)***»:

"When teachers see learning through the eyes of the students, and when students see themselves as their own teachers." (Når læraren ser læring gjennom augo til elevane, og når elevane ser på seg sjølv som eigen lærar)***."***
(*John Hattie*)

Det skuleeigar og skulen veit frå forsking og om resultata, det dei som arbeider i og tett på skulen har erfart gjennom mange år og erfarer dagleg, det dagens elever, tidlegare elevar, foreldre og samfunn fortel oss, er dei kjeldene til kunnskap som til saman skal leggje grunnlaget for kvalitetshevinga i skulen.
Med dette, samt innspel, som bakteppe, har det utkrystallisert seg fire fokusområde for kvalitetsutvikling på grunnskulen i Fyresdal 2019-2022:

- Læringsmiljø
- Grunnleggjande ferdigheiter
- Tilpassa opplæring og det å meistre
- Vurdering for læring

«***Grunnskulen i Fyresdal på vei mot 2031, Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan***» med fastsette fokusområde for kvalitetsutvikling er grunnlagsdokument for utarbeiding av skulens eigne planar. Skulens planar skal konkretisere arbeidet med dei valde områda for kvalitetsutvikling.
I sum vil dette, saman med lokale læreplanar, danne identiteten til skulen og sikre at skulen systematisk og forsvarleg ivaretar heilskapen i Kunnskapsløftet.
I løpet av eit ti-års grunnskuleløp skal elevane innom mange fag og tverrfaglege tema som i seg sjølve er viktige, men som det ikkje har vore naturleg å prioritere spesielt i denne skulepolitiske kvalitets- og utviklingsplanen. Eksempel på eit slikt viktig tema er entreprenørskap. Entreprenørskap i grunnskulen er omtalt i læreplanverket for Kunnskapsløftet, i generell del, i "prinsipp for opplæringa" og i læreplanar for fag.
Grunnskulen i Fyresdal ivaretar entreprenørskap og tilsvarande tema gjennom lokale læreplaner.



Foto: Hamish Moore



Kompetanse og resultat

Skulen i Fyresdal skal over tid utvikle sin kompetanse og betre resultata sine.

«***Grunnskulen i Fyresdal på vei mot 2031, Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan***» presenterer eit utval av indikatorar som samla sett tek sikte på å gi informasjon om grad av resultat oppnådd innanfor kvart enkelt område for kvalitetsutvikling. I planen vert det presentert resultatmål for planperioden, samt kor dei ulike data er å finne. Til saman gjev dette eit godt grunnlag for drøfting om vidare satsing både på kommunenivå og i skulen. Indikatorane byggjer på informasjon frå brukarundersøkingar, elevkartleggingar og annan statistisk informasjon. Nokre av indikatorane er objektive kvalitetsindikatorar, eksempelvis kartleggingsresultat, mens resultat frå brukarundersøkingar uttrykkjer subjektiv kvalitet.

Måla innanfor kvart av kvalitetsutviklingsområda er i hovudsak fastsett på grunnlag av tidlegare resultat og gjennomsnittleg resultat oppnådd regionalt og nasjonalt. Resultatmåla er ambisiøse, men det er samtidig lagt vekt på at måla skal vere realistiske og gjennomførlege.

Rådmannen summerer opp skulen sine resultat, samt vurdering og oppfølging av desse, i den årlige kvalitets- og utviklingsrapporten om tilstanden ved skulen (Tilstandsrapporten). God skuleleiing og gode lærarar er ein grunnleggjande suksessfaktor for å nå det endelege målet med «***Grunnskulen i Fyresdal på veg mot 2031, Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan»:*** økt læringsutbytte for alle elevar***.***

St. melding nr. 16 (2006-2007) «*….og ingen sto igjen»* peiker på at "*Ledelse ved skoler der elevene oppnår gode resultater, har et tydelig og aktivt pedagogisk lederskap med fokus på skolens kunnskapsmål. Skoleledelsen har høye faglige forventninger til elevene ut fra deres forutsetninger, og har klare sosiale spilleregler som håndheves konsekvent. Elevene får løpende og systematisk oppfølging, og godt arbeid belønnes. Det dreier seg om lærende skoler der ledelsen, lærerne og elevene i fellesskap utvikler en fleksibel skoleorganisasjon for å involvere alle i læringsprosessene*."

St. melding nr. 30 (2007-2008) «*Kvalitet i skolen»* trekker fram at *«Lærerens kompetanse er den aller viktigste enkeltfaktoren for elevens læring når en ser bort fra elevens bakgrunn. Lærerne må ha både faglig og pedagogisk kompetanse».*

Grunnskulen i Fyresdal skal ha strategiar for å utvikle sin samla kompetanse. Dette skal vere planmessig forankra i leiing og involvere alle skulen sine tilsette.

Grunnskulen i Fyresdal skal arbeide etter prinsippa for lærande organisasjonar, prinsipp som styrer både dagleg pedagogisk praksis og skulen sitt arbeid med planar og utvikling.

Rådmannen vil, i samarbeid med skuleleigar og organisasjonane, utarbeide ein administrativ kompetanseplan for å følgje opp etter- og vidareutdanningsbehovet for leiarar og lærarar. Økonomisk støtte til etter- og vidareutdanning vil bli prioritert i forhold til kvalitetsutviklingsområda i planen.

Læringsplakaten

Læringsplakaten i læreplanen for Kunnskapsløftet inneheld viktige prinsipp for skulen si verksemd. Læringsplakaten må sjåast i samanheng med bestemmingar i lov og forskrift, læreplanens generelle del og læreplanar for fag.
Læringsplakaten inneheld 11 grunnleggande forpliktingar som gjeld all opplæring, og vil såleis også vere styrande for dei satsingsområda som planen viser til.

Læringsplakaten seiar at skulen skal:

- ✓ gje alle elevar lik moglegheit til å utvikle sine evner og talent individuelt og i samarbeid med andre
- ✓ stimulere elevane sin lærelyst, evne til å klare påkjenningar (uthald) og nysgjerrigheit
- ✓ stimulere elevane til å utvikle eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking
- ✓ stimulere elevane i deira personlege utvikling og identitet, i det å utvikle etisk, sosial og kulturell kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking
- ✓ leggje til rette for elevmedverking og for at elevane kan ta bevisste verdival og val av utdanning for framtidig arbeid
- ✓ fremje tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar
- ✓ stimulere, bruke og vidareutvikle den enkelte lærars kompetanse
- ✓ bidra til at lærarane står fram som tydelege leiarar og som forbilde for barn og unge
- ✓ sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremmar helse, trivnad og læring
- ✓ leggje til rette for samarbeid med heimen og sikre foreldres/føresettes medansvar for skulen
- ✓ leggje til rette for at lokalsamfunnet blir involvert i opplæringa på ein meiningsfylt måte



Læringsmiljø

Eit læringsmiljø som fremmar helse, trivsel og læring er ein rett for alle elevar og ein føresetnad for god læring. Læringsmiljøet er summen av alle faktorar som påverkar elevanes sosiale og faglege læring og deira generelle situasjon i skulekvardagen. Samla sett kan dette gjerne også omtalast som *eleven sitt arbeidsmiljø*.

Godt læringsmiljø blir kjenneteikna av:

- ✓ **Klasseleiing**. Elevane opplever eit positivt læringsmiljø kor dei kan konsentrere seg og bli motiverte for læring og utvikling. Elevane opplever at læraren har god struktur i undervisninga, er støttande og har høge forventningar til korleis dei kan utvikle seg både fagleg og sosialt.
- ✓ **Elevanes læringskultur.** Det sosiale samspelet med jamaldra er viktig for barns og unges motivasjon. Elevane opplever at det er lov å prøve og feile, og at det er positivt å gjøre sitt beste på skulen.
- ✓ **Lærarane sin relasjonskompetanse.** Alle elevar opplever at læraren bryr seg om dei, respekterer, anerkjenner og støttar dei.
- ✓ **Heim-skule-samarbeid.** Skulen møter alle foreldre/føresette med respekt, og tar hovudansvar for å leggje til rette for foreldremedverking og likeverdig samarbeid mellom skule og heim. Når foreldre/føresette og skule formidlar dei same positive forventningane, stimulerer det elevanes trivsel for læring.
- ✓ Skuleleiinga tek ansvar for at arbeidet med læringsmiljøet er systematisk og kunnskapsbasert.
  Eit positivt samarbeidsklima og gode relasjonar blant tilsette smitter også over på elevanes læringsmiljø.

MÅLSETTING:

Elevane på grunnskulen i Fyresdal skal ha eit fysisk og psykososialt læringsmiljø som fremmar helse, trivnad og læring.

VIKTIGE SUKSESSFAKTORAR

- Elevane trivst og kjenner seg trygge.
- Elevane tek medansvar for det sosiale miljøet og blir trena i å ha/ta dette ansvaret.
- Læraren utøver god klasseleiing og det er god relasjon mellom elev og lærar.
- Positiv læringskultur blant elevane.
- Aktive elevar i god fysisk form.
- Foreldre/føresette bidreg til å utvikle eit godt læringsmiljø.
- Skuleleiinga støtter opp under felles verdiar og rutinar og tek ansvar for at arbeidet med læringsmiljøet er systematisk og kunnskapsbasert.
- Skulen flaggar nulltoleranse mot mobbing, og har handlingsplan og rutinar som ivaretek rask oppfølging når elevar opplever krenkingar eller mobbing

RESULTATMÅL:

- Elevundersøkinga 7. og 10. trinn – indikator frå 1-5 i Skuleporten:
- Trivsel: 4,5 på 7. trinn / 4,0 på 10. trinn
- Støtte frå lærarane: 4,5 på 7. trinn / 4,2 på 10. trinn
- Læringskultur: 4,3 på 7. trinn / 3,9 på 10. trinn
- Mobbing: <1,2



Grunnleggjande ferdigheiter

Grunnleggjande ferdigheiter blei innført som eit begrep i "Læreplanverket for Kunnskapsløftet" i 2006.

Nemninga grunnleggjande ferdigheiter betyr ikkje at det handlar om ferdigheiter på eit grunnleggjande nivå, men at det er ferdigheiter som er grunnleggjande for læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv. «*Ferdighetene er avgjørende redskaper for læring i alle fag og samtidig en forutsetning for at eleven skal kunne vise sin kompetanse*.» (Rammeverk for utvikling av grunnleggende ferdigheter, Utdanningsdirektoratet 2012).

Dei grunnleggjande ferdighetene er:

- ✓ Å kunne lese
- ✓ Å kunne skrive
- ✓ Å kunne rekne
- ✓ Munnlege ferdigheiter
- ✓ Digitale ferdigheiter

Utdanningsdirektoratet sitt rammeverk stiller store krav til kognitive og sosiale ferdigheiter og kompetanse, samstundes med at tilpassa opplæring skal bli forbetra og vidareutvikla.

Gode grunnleggjande ferdigheiter etter avslutta grunnskule har tyding for å unngå fråfall i vidaregåande skule. Lesing og skriving byggjer på ein grunnleggjande språk- og tekstkompetanse. Gjennom lesing og skriving kan barn tidleg lære seg å uttrykke eigne tankar, få ny kunnskap om den verden dei lever i, og utvikle eit reiskap som set dei i stand til å stå fram med eigne meiningar og vurderingar.

Lesing og skriving er både ein kommunikasjonsform og samstundes ein metode for å lære. Lesing og skriving gjev også ein kulturell kompetanse, ein bakgrunn for å kunne forstå seg sjølv og samfunnet.

Å kunne rekne er grunnstammen i matematikkfaget. Elevane må kjenne til og meistre rekneoperasjonane, ha evne til å bruke varierte strategiar, gjere overslag og vurdere kor rimelege svara er.

I læreplanverket for Kunnskapsløftet er grunnleggjande digitale ferdigheiter definert slik: *«Å kunne velje, vurdere og bruke informasjon. Dette inneber at elevene skal kunne søke, lokalisere, behandle, produsere, gjenbruke, presentere og evaluere informasjon, samt kommunisere og samhandle med andre. Juridiske og etiske utfordringar knytt til internettbruk er sentrale element av digitale ferdigheiter.»*

Grunnskulen i Fyresdal har desse overordna strategiar for å arbeide godt med elevanes grunnleggjande ferdigheiter:

- ✓ Grunnleggjande ferdigheiter skal utviklast i alle fag. Fyresdal kommune skal ha som mål å nå nytt kompetansekrav i forskrift til opplæringsloven om at alle lærarar som underviser i norsk og matematikk på ungdomstrinnet skal ha 60 studiepoeng fordjuping i faget, samt at lærarane på 1.-7. trinn som underviser i norsk eller matematikk skal ha minst 30 studiepoeng.

- ✓ Munnleg aktivitet skal ha ein sentral plass i arbeidsmetodane som blir bruka i klasserommet, og dette blir synleggjort i skulens eigne planar.
- ✓ Skulen følgjer ein nasjonal gjennomgåande progresjonsplan (http://www.iktplan.no) for utvikling av dei digital ferdigheitene.
- ✓ Skulen skal utarbeide ein lokal gjennomgåande progresjonsplan for lesing frå første til tiande trinn.
- ✓ Ungdomstrinnet i utvikling (2013-2017) som er den Nasjonale satsinga på ungdomstrinnet skal gje støtte til ei meir praktisk, variert og relevant undervisning gjennom å fokusere på grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning samt klasseleiing. Skulen skal velje eit av satsingsområda, og grunnskulen i Fyresdal har valt (lesing). Gjennom arbeidsforma skulebasert kompetanseutvikling skal alle tilsette ved skulen bli involvert i satsinga.
- ✓ Skulen skal delta i andre aktuelle satsingar som støtter opp om forbetra arbeid med grunnleggjande ferdigheiter.
- ✓ Foreldre/føresette skal få kunnskap om at felles innsats er viktig for å bidra til at elevane utviklar gode grunnleggande ferdigheiter. Samarbeidet mellom skule og heim blir synleggjort i skulen sine planar.

MÅLSETTING:

Elevene ved grunnskulen i Fyresdal skal utvikle grunnleggjande ferdigheiter i alle fag som fungerer som verktøy for læring og forståing.

VIKTIGE SUKSESSFAKTORAR:

- Elevane blir gradvis funksjonelle brukarar av digitale media for å auke eigen læring.
- Elevane viser godt «nettvett».
- Elevane utviklar funksjonelle grunnleggande ferdigheiter i lesing, skriving og rekning i løpet av det 10-årige skuleløpet.
- Elevane trenar systematisk på munnlege ferdigheiter.
- Lærarane har god kunnskap om dei grunnleggjande ferdigheitene.
- Lærarane synleggjer dei fem grunnleggjande ferdigheitene i alle fagplanar.
- Skulen får på plass gjennomgåande progresjonsplan (1-10) for lesing som grunnleggjande ferdigheit.
- Skulen følgjer opp gjennomgåande plan (1-10) for digitale ferdigheiter (IKT).
- Foreldre/føresette og lærarane samarbeider om å stimulere elevanes lese-, skrive- og rekneglede.
- Skuleleiinga sikrar at arbeidet med dei grunnleggjande ferdigheitene er systematisk og kunnskapsbasert.

RESULTATMÅL:

Nasjonale prøver på 5., 8. og 9. trinn:

- Mengd elevar på lågaste nivå er redusert frå 2019 til 2022
- Mengd elevar på høgaste nivå er auka frå 2019 til 2022

Grunnskolepoeng:

- Mengd elevar med mindre enn 30 grunnskolepoeng er redusera frå 2019 til 2022
- Mengd elevar med meir enn 45 grunnskolepoeng er auka frå 2019 til 2022

«Hva vi ønsker å se, er barnet på jakt etter kunnskap, og ikke kunnskap på jak etter barnet.»



Tilpassa opplæring og meistring

Grunnskulen i Fyresdal ynskjer å motivere elevar som er svoltne på læring! Motivasjon og meistring heng tett saman.

Alle elevar i skulen skal i arbeid med faga møte realistiske utfordringar og krav dei kan strekke seg mot og som dei kan meistre på eiga hand eller saman med andre. Alle skal få utfordringar, både dei dyktige og dei med større utfordringar.

Tilpassa opplæring er ikkje eit mål, men eit verkemiddel for læring som nettopp skal fremje motivasjon og det å meistre.

Rett på tilpassa opplæring skal bli ivaretatt innanfor opplæringa si ordinære ramme. Tilpassa opplæring kjenneteiknast ved variasjon i bruk av arbeidsoppgåver, lærestoff, arbeidsmåtar, læremidlar og variasjon i organisering av og intensitet i opplæringa. Elevane har forskjellige utgangspunkt, brukar forskjellige læringsstrategiar og har ulik progresjon i arbeidet med dei nasjonalt fastsette kompetansemåla. Elevmedverkinga er ein føresetnad for tilpassa opplæring og bidreg til at elevane blir meir bevisste eigne læringsprosessar og meir motiverte for eiga læring.

Plikt til tidleg innsats er ei ytterlegare styrking av den tilpassa opplæringa på
1.-4. årstrinn i norsk og matematikk, særlig retta mot elevar med svake ferdigheiter i lesing og rekning. Men tidleg innsats er ikkje berre forsterka innsats dei fyrste åra, det betyr også å ta raskt fatt i utfordringar uansett når dei måtte oppstå.
Elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.

Fagleg og sosial læring i skulen heng tett saman. Det betyr at elevane må meistre begge arenaene – den skulefaglege og den sosiale. Å meistre sosiale ferdigheiter heng saman med det å oppleve at dei høyrer til, nærleik, vennskap og å delta aktivt i fellesskapet. God klasseleiing med positive forventningar og krav, der alle opplever å vere inkludert, gir grobotn for det å sosialt meistre. Likeeins er samarbeidet mellom foreldre/føresette og skulen viktig for elevanes læring og trivnad.

At elevane skal møte realistiske krav og mål som dei kan strekkje seg etter, inneber at lærarane, uavhengig av elevanes forkunnskap og evner, må ha høge forventningar til den enkelte elev. Lærarane må formidle og synleggjere mål for undervisninga. Jamlege tilbakemeldingar frå lærar til elev gjev støtte i læringsarbeidet og hjelper elevane til å vurdere eigne prestasjonar.

Skuleleiinga skal leggje til rette for tilpassa opplæring ved å disponere dei samla ressursane hensiktsmessig. Resultat på nasjonale prøver, kartleggingsprøver og brukarundersøkingar dannar grunnlag for drøftingar om

korleis skulen arbeider med og skal forbetre tilpassa opplæring, tidleg innsats og elevanes oppleving av det å meistre.

Gjennom ***Ungdomstrinnet i utvikling*** **(2013-2017**) vert det innført valfag som eit av fleire tiltak for å nå målet om ein meir praktisk, variert og relevant opplæring på ungdomssteget.
I dagens og morgondagens samfunn er det å beherske fleire språk ein styrke. Fleirspråklege elevar kan ha rett til grunnleggjande norsk for språklege minoritetar, tospråkleg fagopplæring og/eller morsmålsopplæring. Tilpassa opplæring for fleirspråklege elevar inneber at skulen klarer å skape gode språklege arenaer og byggje bru mellom elevanes ulike språk for å bidra til god norskspråkleg forankring.

MÅLSETTING
Elevane i grunnskulen i Fyresdal skal oppleve det å meistre, utvikle sine talent og få opplæring som er tilrettelagt deira evner og grunnlag.

VIKTIGE SUKSESSFAKTORAR

- Elevane møter tydelege forventningar til eiga utvikling og får realistiske utfordringar og krav dei kan strekkje seg etter, åleine eller saman med andre.
- Elevane viser interesse for eige læringsarbeid.
- Fleirspråklege elever får tilpassa opplæring og god norskspråkleg forankring.
- Læraren synleggjer faglege og sosiale mål, samt kva som skal til for å nå måla.
- Læraren har høge forventningar til den enkelte elev uavhengig av evner og anlegg.
- Foreldre/føresette opplever god dialog og medverking i samarbeidet med skulen.
- Skulen har gode system for å vurdere elevanes faglege utvikling og meistring.
- Skulen har gode system for å ivareta tidleg innsats i forhold til elevar som strevar, fagleg og/eller sosialt.
- Skulen brukar resultat frå nasjonale prøver, karakterar, kartleggingsprøver og brukarundersøkingar som reiskap for å utvikle eiga verksemd og forbetre eigen praksis.
- Skulen har rutinar som sikrar gode overgangar mellom barnehage/skule, barneskule/ungdomsskule og ungdomsskule/vidaregåande skule.

RESULTATMÅL:
Elevundersøkinga på 7. og 10. trinn - indikator frå 1-5 i Skuleporten
• Faglig utfordring: 4,2 på 7. trinn / 4,4 på 10. trinn
• Mestring: 4,2 på 7. trinn / 4,0 på 10. trinn
Nasjonale prøver på 5., 8. og 9. trinn

- Mengd elevar på lågaste nivå er redusert frå 2019 til 2022
- Mengd elevar på høgaste nivå er auka frå 2019 til 2022
- Mengd elevar med vedtak om spesialundervisning er redusert til under 7,5 % innan 2022
- Foreldreundersøking på 2., 5., 7. og 9. trinn
- Kommunikasjon mellom heim og skule: 90 % svarer «svært fornøyd» eller «noko fornøyd».



Vurdering for læring

Vurdering *for* læring – eller *undervegsvurdering* – har som formål å fremme læring, utvikle kompetanse og gje grunnlag for tilpassa opplæring i tråd med målsettingane i **Kunnskapsløftet**.
All vurdering i fag som går føre seg i løpet av opplæringa fram til slutten av 10. årstrinn blir definert som undervegsvurdering. Undervegsvurdering er ein rett for alle elevar og lærlingar.
God vurderingspraksis stiller krav til skulens lærarar, til skuleleiing og skuleeigar gjennom at det blir stilt krav til kompetanse hos dei tilsette, og at skulane skal vise aktiv haldning til å betre praksis på området.
Bevisstheit om desse forholda er avgjerande for godt utbytte i læringsarbeidet.

Vurdering for læring byggjer på følgjande prinsipp:
Elevar lærar best når:

- dei forstår kva dei skal lære og kva som er forventa av dei
- dei får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på eige arbeid og prestasjon
- dei får råd om korleis dei kan forbetre seg
- dei er involvera i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdere eige arbeid og utvikling
- foreldre/føresette og lærarane saman stør opp om elevanes læringsmiljø

Undervegsvurdering skal bli gitt heile vegen i opplæringa som rettleiing til eleven. Gjennom denne får lærar og elev informasjon om elevens faglege progresjon, og dei kan gjere tilpassingar i opplæringa.
God vurderingspraksis er igjen eit område som krev godt samarbeid med foreldre/føresette, som må kjenne til betydinga av deira støtte i læringsarbeidet. Vidare må foreldre/føresette oppleve at deira medverking har stor betyding for barnas læring.

For å utvikle skulen som lærande organisasjon, er systematisk refleksjon over eigen praksis avgjerande. Ein slik refleksjonspraksis vil blant anna ta utgangspunkt i resultat frå ulike kartleggingar og brukarundersøkingar. Både tilsette, foreldre/føresette og elevar bør bli involvert i desse prosessane.
God vurderingspraksis og god organisasjonskultur er viktige føresetnader for å skape ei meir praktisk og variert undervisning.
Vurdering for læring er så grunnleggjande for elevanes læring at området er definert som gjennomgåande tema i nasjonalt satsingsprogram;

"Ungdomstrinnet i utvikling 2013-2017"

MÅLSETTING:

Skulens vurderingsarbeid skal hjelpe elevane til å forstå kva dei skal lære. Vurderingsarbeidet skal fremme elevanes motivasjon for læring, og det skal hjelpe elevane til å finne gode læringsstrategiar.

VIKTIGE SUKSESSFAKTORAR:

- Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som vert forventa av dei.
- Elevane og deira foreldre/føresette får tydelege tilbakemeldingar på eleven sitt skulearbeid.
- Elevane får rettleiing på korleis dei skal kome seg vidare, og at det er ein samanheng mellom undervegsvurderinga og sluttvurdering.
- Elevane får trening i å vurdere eige arbeid.
- Utviklingssamtalane er ein viktig arena for samarbeid. Desse vert førebudd i fellesskap mellom skule og heim.
- Lærarane legg til rette for samarbeid med foreldre/føresette om elevanes skulearbeid.
- Lærarane har nødvendig kompetanse innan området vurdering for læring.
- Skulens leiing stimulerer til vurderingsarbeid, og legg til rette for kompetanseheving innan område som er valt for skuleutvikling.
- Skulens leiing sikrar at resultata nyttast systematisk som grunnlag for vidare utvikling av pedagogisk praksis, både individuelt, og på trinn/team.


RESULTATMÅL

Elevundersøkinga 7. og 10. trinn - indikator frå 1-5 i Skuleporten

- Vurdering for læring: 4,0 på 7. trinn / 3,3 på 10. trinn
- Motivasjon: 4,2 på 7. trinn / 4,0 på 10. trinn

Forskrift til opplæringslova bruker begrepa undervegsvurdering og sluttvurdering for å skile mellom den vurderinga som har elevanes vidare læring og utvikling som mål, og den vurderinga som gir informasjon om elevanes kompetanse ved endt opplæring.

Årshjul for nasjonale prøver og kartleggingar



Folkehelse

Grunnskulen i Fyresdal skal vere helsefremmande og leggje grunnlag for livslang glede med bevegelse! Elevane må difor oppleve eit skulemiljø som skapar entusiasme og trivnad.
Ein helsefremmande skule skal bidra til læring og til god fysisk og psykisk helse. Skulen sitt arbeid med å utvikle læringsmiljø, kjempe mot mobbing og fremme vennskap og gode relasjonar er sentralt i arbeidet. Det same gjeld tilrettelegging for fysisk aktivitet, sunn mat, gode rammer rundt måltida og rusførebyggjande tiltak.

Sjølv om foreldre/føresette er hovudansvarlege for at barna skal utvikle god fysisk og psykisk helse, skal skulen yte sitt bidrag til at elevane når helsedirektoratet si anbefaling om at alle barn og unge bør vere i variert fysisk aktivitet minst 60 minuttar kvar dag for å sikre god helse og normal vekst og utvikling. Med riktig mengd fysisk aktivitet får barn og unge betre motorikk og konsentrasjon til læring.
I tillegg til desse helsefremmande tiltaka, er det å meistre dei grunnleggjande ferdigheitene i lesing, skriving og rekning kanskje skulens viktigaste bidrag til god folkehelse. Lesing, språk og utvikling av begrep er nødvendige ferdigheiter for at menneske skal kommunisere, forstå, stille spørsmål, delta i eiga utvikling og i samfunnsutviklinga.





Kvalitetsarbeid

«*Skulen og lærebedrifta skal jamnleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei mål som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei enkelte læreplanane for fag. Kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene*.» (Forskrift til opplæringsloven § 2-1)
«*Kommunen og fylkeskommunen skal medvirke til å etablere administrative system og å innhente statistiske og andre opplysningar som trengst for å vurdere tilstanden og utviklinga innanfor opplæringa.*» (Forskrift til opplæringsloven § 2-2).
Kommunen… skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen… skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa .., knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret,..(Opplæringsloven § 13-10 andre til siste ledd).

Begrepet kvalitet har ulike dimensjonar.
Eit vanlig perspektiv er å dele inn i struktur-, prosess- og resultatkvalitet. **Strukturkvalitet** handlar om bemanning, økonomi, areal osv. **Prosesskvalitet** dreiar seg om skulens kjerneoppgåve – elevanes læring – arbeidsprosessar og organisering knytt til opplæringa (St.meld. nr. 30 (2003–2004), *Kultur for læring*). Den siste dimensjonen, **resultatkvalitet**, retter seg i hovudsak mot læringsresultat og resultat av elevundersøkinga.

«***Skulen i Fyresdal på vei mot 2031, Skulepolitisk kvalitets- og utviklingsplan***» handlar om innhaldet i skulen – det vil seie prosesskvalitet og resultatkvalitet, og samanhengen mellom desse. Sagt med andre ord, korleis forstå og svare på spørsmålet: ***Kva er god grunnskule i Fyresdal?***
I dette ligg det at kvalitetsbegrepet i tillegg til det profesjonelle arbeidet på skulen og utøving av skuleeigarrollen, også inkluderer elevanes og foreldre/føresette sine opplevingar av skulen og opplæringstilbodet.

Kvalitetssystemet for skulen i Fyresdal har ein struktur som bygger på prinsippet om kvalitetssikring (skaffe kunnskap om korleis det står til), kvalitetsvurdering (vurdere eigen praksis og oppnådde resultat) og, som følgje av dette, kvalitetsutvikling (endre praksis). Skulen skal utarbeide eige kvalitetssystem som ivaretek *kvalitetssikring, kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling* og sjå til at dette skjer tett på opplæringa.

Skulebasert vurdering gjennomførast årleg i grunnskulen i Fyresdal, og der tema vert avtala. Resultat og oppfølging av skulebasert vurdering drøftast i møte mellom pedagogisk konsulent og leiinga ved skulen.

Elevens læring er skulens kjerneoppgåve. Arbeid før, under og etter kartleggingsprøver har difor primært ei oppgåve i forhold til rettleiing og utvikling av enkeltelevar, men bidreg også til å utvikle skulen som ein lærande organisasjon. Dette inneber blant anna at skulen skal tileigne seg meir kunnskap, men i særleg grad at den gjer seg nytte av kunnskapen som allereie fins, noko som i neste omgang dannar grunnlag for ei endå betre opplæring for eleven.

Skulen og skuleeigar brukar *Vokal* og *Skuleporten* (Utd.direktoratet) som system for å innhente statistiske opplysningar som grunnlag for å vurdere tilstanden og utviklinga innanfor opplæringa. *Vokal* er eit nettbasert system som samlar og samanliknar vurdering og kartlegging. Systemet gir læraren betre grunnlag for å arbeide med kartlegging og kan systematisk følgje opp kartleggingsarbeidet.
I tillegg til bruk av kvantitative data skal skulen årleg gjennomføre ei eigenvurdering i forhold til grad av oppnådd resultat for kvart av fokusområda i denne planen. Resultat og oppfølging av kartleggingsprøver drøftast internt på skulen, samt mellom skuleleiing og pedagogisk konsulent.

Rådmannen er ansvarleg for den årlege kvalitets- og utviklingsrapporten om tilstanden ved grunnskulen i Fyresdal. Rapporten samanstiller skulen sine resultat, samt vurdering og oppfølging av desse. Rapporten leggjast fram for drøfting i hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg og for kommunestyret.
Til saman gir dette eit godt og heilskapleg grunnlag for drøfting om vidare satsing både på kommuneeigarnivå og på skulenivå.

Skuleeigar

«Kommunen…har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllast.» (Opplæringsloven § 13-10 første ledd).

«*En god skoleeier har til enhver tid oversikt over virksomheten i sine skoler, driver systematisk oppfølgingsarbeid og gjennom kompetent ledelse bidrar aktivt til å utvikle skolene i takt med samfunnets behov og endrede krav*.» (KS)


Kommunestyret i Fyresdal forstår god utøving av si rolle som skuleeigar ved å:

- ✓ ha fokus på skulens formål: barn og dei unge si læring fagleg og sosialt, jf. opplæringsloven, læringsplakaten, læreplanens generelle del og dei enkelte fag, samt lokale mål for skulen
- ✓ ha kunnskap om og ferdigheit i dialogbasert styring
- ✓ ha oversiktskunnskap om skulen si verksemd, innsatsfaktorar og resultat
- ✓ ha politisk kompetanse på skule, med planmessig gjennomgang av verksemda og fastsetjing av lokale utviklingsmål
- ✓ ha administrativ kompetanse på skule som arbeider tett på skulen
- ✓ bidra til å utvikle skulen som ein lærande organisasjon som reflekterer over eigen praksis og

resultat, og korrigerer kursen der det er behov for det

- ✓ ha system for kvalitetssikring, kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling
- ✓ ha fokus på kvalitet i skulebygg, fysisk utemiljø, arbeidsmiljø og arbeidsplassar for elever og tilsette

Årshjul for kvalitetsarbeidet retta mot grunnskulen i Fyresdal kommune:



Fyresdal kommune

Arkiv: 033
Saksmappe: 2019/1483-2
Saksbeh.: Grethe Lassemo
Dato: 12.11.2019

Saksframlegg

Reglement for råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Utval	Utvalssak	Møtedato
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	16/19	19.11.2019
Kommunestyret	81/19	21.11.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har: Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Dokument i saka:
K-sak 51/19
Vedlegg:
1 Reglement for råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Bakgrunn for saka:
I samband med ny kommunelov og endring i samansetninga i rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne må det lagast nytt reglement.

Vurdering:
Etter kommuneloven skal alle folkevalgte organ ha eit reglement.

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

§ 5-13.Reglement for folkevalgte organer

Folkevalgte organer skal ha et reglement som fastsetter
a) organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet
b) tidsperioden som organet er opprettet for
c) eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet.

Plikten etter første ledd gjelder ikke representantskap og andre styringsorganer for interkommunalt politisk råd, representantskap og andre styringsorganer for kommunalt oppgavefellesskap og styre for kommunalt eller fylkeskommunalt foretak

Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom (forskrift om medvirkningsordninger).

Forskrifta legg føringar for arbeidet i rådet. Det er mellom anna desse føringane som ligg i det nye reglementet.

Konklusjon:
Reglementet legg føringar for arbeidet i rådet.

Innstilling frå rådmannen:

Framlegg til reglement for råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne 2019-2023 blir vedteke som det ligg føre.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Grethe Lassemo
	avdelingsleiar

REGLEMENT FOR RÅD FOR ELDRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE I FYRESDAL 2019-2023

1. Val og samansetning av råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Fyresdal (REMNF).
Rådet skal ha 5 medlemer, der organisasjonane har rett til å kome med framlegg.

Samansetjing:
2 medlemer som pensjonistlaget kjem med framlegg om.
2 medlemer som representerer grupper av menneske med nedsett funksjonsevne.
1 medlem frå kommunestyret.

Bruke faste representanter frå den sida som har nok representanter, om den andre sida ikkje klarer å få nok til å site i rådet.

Om nokon har forfall og det ikkje er vararepresentanter frå same sida kan ein kalle inn frå den andre sida.

Rådet utnemner sjølv leiar og nestleiar.

2. Oppgåver for rådet
Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen og har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld eldre og personar med nedsett funksjonsevne.
Rådet skal mellom anna ha følgjande saker til uttale:

1. Årsbudsjett
2. Økonomiplan
3. Kommuneplan, kommunedelplan og fagplanar
4. Utbyggingsplanar
5. Endringar i tenestetilbod

Rådet skal ikkje behandle saker som gjeld einskildpersonar.

Rådet kan sjølv ta opp saker.

Rådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si.
Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

3. Reglar om saksbehandling
Alle saksdokumenta som gjeld målgruppa skal leggjast fram for rådet før kommunestyret tek avgjerd i sakene. Det same gjeld når hovudutvala avgjer saker etter mynde frå kommunestyret.

Sakene skal sendast frå dei ulike avdelingane i så god tid på førehand
at sekretariatet får sendt innkalling i god tid før møtedato i rådet.

Det skal førast protokoll for rådet. Utskrift av protokollen skal følgje saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

4. Sekretariat
Rådmannen – eller den han gjev mynde til det – fungerer som sekretær for rådet.
Sekretæren fører protokoll, og har ansvar for at sakene er førebudd før dei blir lagt fram.
Det pålegg sekretariatet, i samråd med leiaren, å syte for at saker blir lagt fram for rådet.

Leiaren skal signere protokollen.

5. Generelt
Møta i rådet er opne.

Reglar utarbeidd for politiske utval gjeld tilsvarande for verksemda i rådet så langt ikkje anna går fram av forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne og ungdom.

Forvaltningslova sine reglar om teieplikt gjeld tilsvarande for rådet, jf. Forvaltningslova § 13.

Rådet kan be rådmannen om å gjere greie for spesielle saker.

Rådet kan etter behov kallast inn til arbeidsgrupper og til kommunestyret,
når det blir drøfta saker av interesse for rådets oppgåveområde.
I særlege høve kan leiaren i rådet be ordføraren om å få kome med uttale i sjølve møtet.

12.11.2019